



Neste Allsong i sjøkanten på Systrene Nilsen vert laurdag 26. juli klokka 15 og då er Svein Rimestad gjestartist. Han skriv tekstar, omset, spelar gitar og er ein god songar og det vert ein eigen avdeling med Rimestad-stoff. Nøyaktig program vert kunngjort seinare.

Dei som har songynskje for denne allsongen bør melde ifrå. Har ein også tekst med noter, er det fint. Men ofte er det nok med titelen på songen. Ynskje kan sendast til kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no eller ringast til mobil 915 31 487

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

Elegi ved Uskedalselvo

(The Banks of the Ohio, am. folkesang)

Eg ba mi kjære gå med meg,
å gå med meg nokre lette steg
der vatnet kviskrar til oss to,
langs kanten av Uskedalselvo.

Berre lov å verta mi,
gje ingen andre handa di
der vatnet kviskrar til oss to,
langs kanten av Uskedalselvo.

Eg drog ein kniv frå beltet mitt
med' ho femna meg så blidt.
Ho ropa: "Spar meg, mangt eg sku' ha gjort,
eg er 'kje budd for St. Peters port.

Berre lov...

Eg gjekk meg heim ved myrke natt,
eg gret so sårt: "Kva har eg att?
Drap den eine som eg heldt av,
då truskapslovnad ho ikkje gav."

Å, berre lov...